LINDÅS KOMMUNE
Planavdelinga

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Christian H. Reinshol | 09.03.2018 |
| Vår: 14/1846 - 18/8329 | Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | |

# Oversending av merknader og vurdering av søknad knyt til utviding av areal for lokalitet Langøy

Me viser til dykkar oversending av søknad om utviding av areal for lokalitet Langøy i Lindås kommune. Søknaden har lagt til høyring i 4 veker på heimesidene til kommunen og det har vore annonsert i avisene Strilen og Nordhordland i tillegg til Norsk Lysingsblad. Kommunen har motteke ein merknad til handsaminga ette rakvakulturlova som ligg vedlagt.

Kommunen har sett på den aktuelle søknaden og etter vår vurdering er søknaden i samsvar med vedteken reguleringsplan for Langøy-Ospeneset som set av arealet til føremål akvakultur. For framtidig sakshandsaming vil det vere ei føremon om kommunen får oversendt sosifil med posisjonar for anlegget, alternativt at posisjonar vert vist i reguleringsplankartet for å enklare få oversikt over om søknad er i samsvar med plan.

Kommunen vil vidare oppfordre fylkeskommunen til å følgje opp samarbeid med grunneigarlag knytt til Storelva (Natåselva) og følgje opp merknader som kom inn i samband med reguleringsplanarbeidet og søknad om utviding av anlegget ved Ospeneset.

Kommunen har merknad knytt til visning av aktuelt utvidingsareal i plankart, vidare oppfølgjing av miljøtilhøve i Storelva og har elles ikkje merknad til utvidinga då denne er i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Vedlegg:**
Merknad til høyring - utviding av anlegg
Søknad Langøy

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |